

Indre Masfjorden Sankelag har fylgjande innspel å koma med i samband med vilkårsrevisjonen av Matre og Haugsdalsvassdraget:

- 1) Dei siste åra har me i sankelaget hatt ein del vanskar med å sanke dyra ned frå fjellet om hausten, då det ofte har vore store vassmengder i elvane. I vårt område gjeld dette for Mosedalsvassdraget, og Norgjelvassdraget (frå Holmevatnet). Det har vore utfordring med høg magasinfylling i tillegg til nedbør.
- 2) For å drive effektiv bruk av fjellområda er me avhengige av å transportere utstyr opp i fjellområda. Dei siste åra har det òg vore utfordrane transport, då det har blitt slept vatn ut på isen på ettevinteren. Dette gjeld Hopsstølsvatnet (1. Nordgjelsvatn).
- 3) Ved tunnelen inn i Hopsstølsvatnet (1. Nordgjelsvatn). er det, på grunn av utfylling, utfordrande å sanke sauer langs vatnet. Her burde det blitt laga ein sanketrasé langs vatnet.

Framlegget vårt til løysing er:

- 1) Betre regulering, slik at ein unngår flaumtoppar, og bygging av bruer der dyra skal sankast. Desse må byggjast ved innlaup til 2. Mosedalsvatn, 1. og 2., 2. og 3. Nordgjelsvatn, utløp 1. Nordgjelsvatn og mellom Smådalsvatn og 1. Nordgjelsvatn(Den siste som alternativ sankerute).
- 2) Unngå å sleppe vatn inn på isen på ettevinteren og våren.
- 3) Skyte nokre av steinane, og lage ein enkel sanketrasé langs vatnet. Utføring av dette, har vore munnleg lova, av BKK tidlegare.

Dette er våre merknader i samband med revisjonen. Vonar at desse kan takast omsyn til slik at me framleis kan nytta dei gode fjellbeita i området på ein best mogeleg måte.

Me har ikkje lagt med kart, men kan sjølvstyk skaffa det om det er naudsynt. Me kan òg stilla på event. synfaring om det er ynskjeleg.

Med helsing

Indre Masfjorden Sankelag

- Bjørn Egil Nordland-